

# Regler for bacheloroppgåve ved Det teknisk-naturvitenskapelige fakultet

## Innleiing

Dette skrivet gir reglane for utføring av bacheloroppgåve ved Det teknisk-naturvitenskapelige fakultet, jamfør «[forskrift om studier og eksamen ved Universitetet i Stavanger](#)».

Visar i tillegg til skrivet «Vegvisar for bachelor- og masteroppgåva» ([lenke kommer](#)) som gir utfyllande informasjon om reglane, oppstart, gjennomføring og innlevering av oppgåva.

## Fristar

### Bacheloroppgave på 10 studiepoeng (gjelder kun lektorstudiet)

- **Innan 1. desember:** studentar søkar på eller registrerer egne oppgåver i samarbeidsportalen
- **Innan 15. desember:** fakultetet informerer om tildelte oppgåver til studentane
- **Innan 10. januar:** fakultetet sender ut kontrakt til signering til studentane
- **Innan 15. januar:** studentar signerer kontrakt i samarbeidsportalen
- **15. januar:** offisiell oppstart av oppgåveskriving
- **Innan 1. februar:** frist for eksamensoppmelding
- **1. april:** frist for å trekke seg frå oppgåva
- **1. mai:** Siste frist for å levere inn "Avtale om båndlegging" ved konfidensielle oppgåver
- **15. mai:** innleveringsfrist
- **Innan 3 veker frå innleveringstidspunkt:** publisering av sensur

### Bacheloroppgåve på 20 studiepoeng

- **Innan 1. desember:** studentar søkar på eller registrerer egne oppgåver i samarbeidsportalen
- **Innan 15. desember:** fakultetet informerer om tildelte oppgåver til studentane
- **Innan 10. januar:** fakultetet sender ut kontrakt til signering til studentane
- **Innan 15. januar:** studentar signerer kontrakt i samarbeidsportalen
- **15. januar:** offisiell oppstart av oppgåveskriving
- **Innan 1. februar:** frist for eksamensoppmelding
- **1. april:** frist for å trekke seg frå oppgåva
- **1. mai:** Siste frist for å levere inn "Avtale om båndlegging" ved konfidensielle oppgåver
- **15. mai:** innleveringsfrist
- **Innan 4 veker frå innleveringstidspunkt:** publisering av sensur

## Studiepoengkrav for oppstart

### 10 og 20 studiepoengsoppgåve

Kravet for oppstart av oppgåveskriving er at studenten må ha bestått minimum 100 studiepoeng i samsvar med godkjent utdanningsplan, samt ha bestått forkunnskapskrava oppgitt i emnebeskrivinga innan 1. november

## Utfyllande informasjon om oppgåveskriving

Inntil tre studentar kan samarbeida om ei bacheloroppgåve. Kvar student må signere sin eigen kontrakt, også dei som skriv oppgåva i ei gruppe.

Ein kandidat har som hovudregel berre eit forsøk på oppgåva. Det kan søkast om eit andre gongs forsøk ref. "forskrift om studier og eksamen ved universitetet i Stavanger" §3-10 punkt 4.

### Utsett innleveringsfrist

Studentar kan søkja om utsett innleveringsfrist ved gyldig fråvær. Se "forskrift om studier og eksamen ved Universitetet i Stavanger" §3-12. Studentar på utveksling som har siste eksamen etter dato for oppstart av oppgåveskriving, kan søkja om utsett innleveringsfrist tilsvarende tida mista.

### Bandlegging av oppgåva

Oppgåva skal som hovudregel vere open, men kan etter søknad bandleggast (utsett publisering) i maksimalt 5 år. Studentar må avklare og eventuelt søke om bandlegging allereie ved oppstart av oppgåva. Siste frist for å sende inn ein slik avtale er 1. mai. Du søker ved å senda "Avtale om bandlegging" saman med ein grunngjeven søknad frå bedrifta på e-post til [post-tn@uis.no](mailto:post-tn@uis.no). Det er berre denne avtalen som skal brukast.

### Oppgåveskriving utanom ordinær periode

Dersom ein har behov for å endre periode for gjennomføring av oppgåveskriving til haustsemesteret, er det mogleg å søkje om dette ved å senda inn «søknad om endring av utdanningsplan ved UiS» via Digital Studentekspedisjon. Merk at du sjølv er ansvarleg for å finne oppgåve og fagleg ansvarleg.

Søknadsfristen er **15. juni**.

**Merk at:** Kravet for oppstart av oppgåveskriving er at studenten må ha bestått minimum 130 studiepoeng i samsvar med godkjent utdanningsplan, samt ha bestått forkunnskapskrava oppgitt i emnebeskrivinga innan 15. Juni

Saman med ein slik søknad, må det også vedleggast eit dokument med følgjande:

- Årsak for ønske om endring av periode
- Bekreftelse frå fagleg ansvarleg
- Tema/tittel for oppgåva

### Frist for oppgåveskriving utanom ordinær periode

- **Innan 20. juni:** registrert oppgåve i samarbeidsportalen
- **15. august:** offisiell oppstart av oppgåveskriving
- **1. november** frist for å trekke seg frå oppgåva
- **15. desember:** innleveringsfrist